



Til dei vidaregåande skulane i Bergen

Dato: 19.07.2017  
Vår ref.: 2016/9170-38  
Saksbehandlar: eliwik  
Dykkar ref.:

## Inntaket til dei vidaregåande skulane. Retningslinjer for inntak etter skulestart

3. inntaksomgang er ferdig 8. august. Inntaks-/ventelister finn de på same måten i Vigo som tidlegare.

Søklarane finn inntaksresultatet på vigo.no frå og med 8.august.

Inntakslistene vert overførte frå Vigo til Extens til skulane seinast torsdag 11.august. Informasjon blir sendt skulen når importen er ferdig. Kontaktperson: Trude Riple/Vibeke Nymo.

Ved 3.inntaksomgang kan det vere lagt inn "overbooking" på nokre utdanningsprogram/progamområde. Dersom dette blir ei utfordring når ein ser talet på framømte elevar ved skulestart, må ein snarast melde dette til inntaksleiar.

**Innmelding av ledige plassar** skal gjerast etter følgjande retningslinjer:

- 1.rapportering etter skulestart; **Seinast kl. 14.00 fredag 18. august**
- 2.rapportering etter skulestart; **Seinast kl. 12.00 onsdag 23. august**

Skjema "Innmelding av ledige elevplassar etter skulestart" **skal** nyttast. Dette blir sendt til skulane på epost seinast onsdag 16. august. Skjemaet skal sendast i utfyllt stand på e-post til: **elin.wikan@hfk.no**. Hugs å lagre det blanke skjemaet. Det blir **ikkje** sendt ut nytt skjema til 2. rapportering.

Det skal fyllast ut ledige plassar på kvart kurs. Dersom det ikkje er ledige plassar skriv ein "Null". Dette for å vere sikker på at ikkje noko er utegløymt. **Alle skular skal sende inn dette skjemaet sjølv om skulen ikkje har ledige plassar på nokon av kurstilboda.** Dette for å kvalitetssikre at vi har mottatt melding frå alle skular.

Vi ber om at skulane berre har ein kontaktperson for innrapportering av ledige plassar. Namn + direkte innvalsnummer skal opplysast, og det er ønskjeleg med mobilnummer i tillegg. Vår kontaktperson på Inntakskontoret er Elin Meyer Wikan, telefon 55 23 92 43 mobilnummer 993 60 156.

### Inntak av elevar etter skulestart

**Det er berre Inntakskontoret som kan ta inn elevar til dei vidaregåande skulane i Bergen etter skulestart.** Skulane skal rapportere i høve til retningslinjene ovanfor. Sjå også informasjon på hordaland.no frå ca. 14. august.

### **Dei ledige plassane blir fordelte slik etter 1.innrapportering:**

- **Fredag 19. august etter kl 15.00:** Søklarar som står på venteliste, og som etter dei ordinære inntaksomgangane ikkje har fått tilbod om plass på høgare prioriterte utdanningsprogram/programområde. Dei som får tilbod om plass skal møte på skulen innan kl. 11.00 måndag 21. august. Alle skal med seg dokumentasjon på inntaket frå Inntakskontoret. Merk at søklarar som har fått tilbod om plass på ein skule, ikkje lenger står på venteliste ved andre skular

på same utdanningsprogram/programområde

- **Sundag 20. august etter kl. 12.00:** Heilt ledige elevplassar blir lagt ut på hordaland.no
- **Måndag 21.august:** Ledige plassar blir fordelte etter kvart som kvalifiserte søkjarar melder seg. Oversyn over elevar som er tatt inn/er tatt ut frå skulen som dei fekk plass ved tidlegare, blir sendt på e-post til skulane.
- **Tysdag 22.august:** Inntekne søkjarar melder seg på den aktuelle skulen. Alle vil ha dokumentasjon med seg frå Inntakskontoret. **Utan dokumentasjon skal søkjarane avvisast og evt. sendast tilbake til Inntakskontoret.** (Oversyn over inntekne elevar er også sendt skulane på e-post kvelden før).
- **Onsdag 23.august:** blir nye ledige plassar lagt ut på hordaland.no etter at skulane har rapportert inn nye ledige plassar.
- **Torsdag 24.august:** Dei ledige plassane blir tildelt kvalifiserte søkjarar etter kvart som dei melder seg.
- **Fredag 26.august:** Frammøte for elevar som har fått plass dagen før. Seinast frammøtetid er kl. 09.00, og alle vil ha med seg dokumentasjon på at dei har fått plass frå Inntakskontoret. (Oversyn over inntekne elevar er også sendt skulane på e-post kvelden før).

Fram til og med 1. september kan einskildelevar bli tatt inn til plassar som framleis er ledige. Desse vil ha frammøte seinast dagen etter at dei har fått plass. Også desse vil ha dokumentasjon med seg frå Inntakskontoret. Siste frammøtedag vil såleis vere 4.september kl. 8.00.

Frå og med 2.september, kl. 08.00 er inntaket til dei vidaregåande skulane for skuleåret 2017/2018 formelt avslutta. Den einskilde skule kan ta inn elevar til ledige plassar på grunnlag av delegasjonsfullmakt frå Fylkesutvalet, og treng ikkje ta omsyn til søkjarar på venteliste.

**Viktige punkt i samband med oppfyljing av ledige plassar etter skulestart**

- Både Inntakskontoret og skulane får mange førespurnader om ledige plassar rundt skulestart. Det er avgjerande viktig for å halde kontrollen, både for skulane og Inntakskontoret, at alle prosedyrar som er nemnt ovanfor blir følgde. Skulane må vise til informasjon om tildeling av ledige plassar på hordaland.no, (frå 14. august), og det er viktig som at utsegn som "eg trur vi har ein plass eller to ledige" ikkje blir gitt. Slike utsegn blir sende rundt på alle elektroniske hjelpemiddel som ungdommen i dag har, og så har vi i løpet av ein liten halvtime ei stor gruppe som kjem på Inntakskontoret og seier at "skulen sa dei har ledige plassar, så berre gå bort på Inntakskontoret....."
- Sjølv om skulen har ledige plassar, og det synes klart at ein spesiell søkjar vil få plassen, har ikkje skulen fullmakt til å tildele denne søkjaren plass. **Inntakskontoret kan ha liggjande klagesaker som gjer at ein annan søkjar har krav på plassen.**
- Av omsyn til alle partar ber vi om at skulane orienterer klassekontakt osv. **om at ledige plassar berre skal rapporterst til skulen si leiing**, ikkje til einskildsøkjarar som tek direkte kontakt for å høre om det er ledige plassar.
- I perioden frå onsdag 9. august og fram til skulestart blir det berre unntaksvis tatt inn nye elevar sjølv om det i utgangspunktet kan sjå ut som om det er ledige plassar. Dette er særleg gjort av omsyn til at skulane skal få ro i høve til arbeidet sitt med klasselister osv. før skulestart. Dersom det er "openbart urimeleg" at søkjaren må vente til etter skulestart vil eleven få inntaksbrev med til skulen 1. skuledag. Melding om inntak vil også bli sendt skulen på e-post.

**OBS.** Ein del elevar vil sikkert også i år møte fram på skulen utan at dei står på den siste inntakslista til skulane. Dette er stort sett elevar som ikkje har fått med seg at dei mister tildelt plass på lågare prioritert ønskje dersom dei får plass høgare oppe på prioriteringslista ved 2. eller 3.inntaksomgang. Ei anna gruppe er dei som har mista plassen på grunn av manglande svar til dei ulike fristar i sommar.

**Denne elevgruppa skal utan vidare henvisast til Inntakskontoret, og må ikkje få tilbod om å opphalde seg i klassen til ”skulen har vore i kontakt med Inntakskontoret”.**

**Rutinar for registrering i Extens for elevar som**

- ikkje står på inntakslistene for 3.inntaksomgang
- ikkje møter fram 1.skuledag
- sluttar i perioden 16.august til 31.august

Sjå hefte «Kvalitetssikring av data ved overføring ,ellom Extens og Vigo». Kontaktperson: Trude Riple

Tilleggsskjema for nye elevar vil bli sendt ut samla i løpet av veke 33. Manglande dokumentasjon; Ta kontakt med Elin Meyer Wikan, tlf 55 23 92 43

**Hasteinformasjon før og etter skulestart:** Send e-post til inntaksleiar

Vi ønskjer alle skular og elevar lukke til med det nye skuleåret, og ser fram til eit godt og praktisk samarbeid. Eit skriv om praktiske detaljar i høve til innsending av elevsaker vil bli sendt skulane i veke 36/37.

Med helsing

Nils Skavhellen  
inntaksleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*